



ULSTEIN KOMMUNE



Saman om å skape

Strategi for innbyggardialog

Vedteken i Ulstein kommunestyre 21. juni 2018

INNLEIING | Kvifor gjer vi dette?

Ulstein kommune vil styrke innbyggardialogen og lokaldemokratiet. Det er tre hovudgrunnar til det:

- **EIGENVERDIEN.** Først og fremst har demokratisk deltaking – det at innbyggjarane tek del i avgjerdssprosessane – eigenverdi. Det å stemme ved kommunestyreval er den mest grunnleggande måten ein kan delta i lokaldemokratiet på. Men eit levande lokaldemokrati føreset at innbyggjarane også har rikeleg høve til å ta del i avgjerdssprosessane mellom vala.
- **AVGJERDENE.** For det andre gir innbyggardialog grunnlag for gode avgjerder: Når kompetansen og engasjementet blant innbyggjarane får påverke avgjerdssprosessane, vert avgjerdssgrunnlaget meir solid. Ein ønskt effekt av medverknaden er tillit mellom folk og folkevalde.
- **SAMSKAPINGA.** Den kommunale organisasjonen har alltid avgrensa ressursar. Derfor må innbyggjarane, organisasjonane og verksemndene i lokalsamfunnet involverast i å skape framtidas Ulstein. Innbyggardialog er ein føresetnad for samskaping – det å skape løysingar saman med innbyggjarane, heller enn for dei.

Mål og prinsipp

Demokratisk deltaking og samskaping kjem ikkje av seg sjølv. Derfor har vi utarbeidd denne strategien. Dokumentet peikar ut kva retning arbeidet med innbyggardialog i Ulstein kommune skal ha (måla for arbeidet), og korleis vi skal legge opp innbyggardialogen (prinsippa for arbeidet).

Kva er innbyggardialog?

Vi definerer innbyggjarane som alle som bur og oppheld seg i kommunen. Med omgrepet innbyggardialog meiner vi kommunikasjon mellom innbyggjarane og den kommunale organisasjonen om saker og prosessar innbyggjarane kan påverke. Innbyggardialog tyder dermed ikkje det same som generell kontakt mellom innbyggjarane og den kommunale organisasjonen. Innbyggardialog er heller ikkje formidling av informasjon eller forankring av avgjerder som allereie er tekne. Kjernen ligg i

høvet til påverknad og medverknad – at innbyggaren får ta del i å skape noko. I innbyggardialogen vender vi oss ikkje mot folk som kundar, men som innbyggjarar med interesse i og rett til å påverke korleis lokalsamfunnet utviklar seg.

Langsiktig arbeid

Strategien er utarbeidd av prosjektgruppa for prosjektet «Styrka innbyggardialog og lokaldemokrati», som går føre seg i Ulstein kommune i 2017–2018. Ønsket er at strategien bidrar til eit langsiktig arbeid med innbyggardialog også etter prosjektperioden. I arbeidet med strategien har vi spesielt hatt nytte av innspel frå dei svenske kommunane Lund og Malmø, Region Skåne, dialogkonsulenten Edward Andersson og Vanylven kommune.

MÅL | Kvar vil vi?

Vi set fire mål for arbeidet med innbyggardialog og lokaldemokrati i Ulstein kommune:

- 1 Innbyggjarane medverkar i avgjerdsprosessane.**
- 2 Innbyggjarane fremjar saker dei brenn for.**
- 3 Innbyggjarane har direkte dialog med dei folkevalde.**
- 4 Innbyggjarane erfarer at Ulstein kommune har ein kultur for samskaping.**

PRINSIPP | Korleis går vi fram?

Innbyggardialog dreier seg om både haldning og handling. For å nå måla for arbeidet, vil vi tenke og handle etter desse prinsippa:

Vekke engasjement

Innbyggardialog føreset at ein maktar å engasjere. Kommunen skal nytte språk og verktøy som engasjerer. Til dømes må det visast klart kva som er konsekvensane av framlegg til politisk behandling. Når ein inviterer til dialog, skal det vere om saker som er relevante for innbyggjarane.

DØME: Før politiske møte løftar kommunen fram ei enkeltsak frå saklista og inviterer folk til å seie meininga si på Facebook. Mange let seg engasjere då spørsmålet var «Bør Ulstein og Hareid slå Nav-kontora sine saman?»

Ha dialog der innbyggjarane er

Kommunen skal føre dialog på dei arenaene som høver best for innbyggjarane. Det tilseier at bruken av dialogarenaer og verkemiddel må vere variert og fleksibel – alt etter kva gruppe ein vil engasjere i ei sak eller ein prosess. Dialog på digitale og fysiske arenaer skal utfylle kvarandre.

Prøve ut innovative verkemiddel

Den teknologiske utviklinga bringer fram stadig nye kommunikasjonsverktøy. Folk ventar å kunne samhandle stadig meir friksjonsfritt også med offentlege instansar. Kommunen må heile tida prøve ut nye verktøy for innbyggardialog, der tersklane for brukarane er så låge som råd.

DØME: 182 innbyggjarar gav høyringsinnspeil om turvegar i Ulstein-fjella gjennom 3D-kartet Cityplanner. I dette interaktive verktøyet kan ein studere eit planforslag og gi sine innspeil innanfor eitt og same grensesnitt.

Lage heilskaplege prosessar

Det må avklarast tidleg *kvifor* ein skal involvere innbyggjarane i ein prosess, *kven* som skal involverast og *når* det skal skje. Så kan ein avgjere *korleis* ein skal legge til rette for å gi høve til reell påverknad.

Ha dialog tidleg

Innbyggjarane skal involverast så tidleg som råd i avgjerdssprosessane – før dei som skal ta ei avgjerd, har bestemt seg. Høyringar om planforslag o.l. har sin sjølvsgagde plass i dei kommunale prosessane. Men innbyggardialogen bør særleg gå føre seg *før* premissa i ei sak er lagde.


DØME: Svært mange idear kom inn då kommunen inviterte til idemyldring på Facebook om bruk av området mellom barneskulen og Ulstein Arena. Ideane vart eit grunnlag for landskapsarkitektane som lagar eit samla forslag.

Sette tydelege føremål

For at innbyggjarane skal sjå poenget i å delta i dialogen, må føremålet med dialogen vere klart kommunisert frå kommunen si side. Og prosessen må vere framstilt slik at alle kan forstå han. Det skal vere lett for alle å forstå og ha innsyn i avgjerdssprosessane.

Ha mest mogleg medverknad

Vi skal gå så høgt opp i den såkalla medverknadstrappa som råd – alt etter kva type sak det dreier seg om og kva ressursar vi har. Når kommunen inviterer til medverknad, må det avklarast kor i trappa ein står. Slik får ein realistiske forventningar til kva som kan kome ut av medverknaden.



Medverknadstrappa. Illustrasjon: Steinkjer kommune

Late innbyggaren ta initiativ

Innbyggardialogen skal ikkje avgrensast til saker og prosessar som kommunen tek initiativet til. Gode idear og initiativ til samskaping kan like gjerne kome frå innbyggjarane. Kommunen skal legge til rette kanalar for innbyggarinitiativ og gjere dei godt kjende.

DØME: Når kommunen tek i bruk nett-tenesta Induct, kan innbyggjarane bruke ho til å melde inn idear. Om ein ide skal gjennomførast, kan kommunen og idemakaren samskape gjennom den same tenesta.

Ta initiativ frå kommunen

Det er likevel ikkje tilstrekkeleg å late det vere opp til innbyggaren å ta initiativ til dialog. Det gjeld å få i tale også den som ikkje sjølv tar kontakt. Kommunen skal synleggjere saker og prosessar på ein slik måte at innbyggjarane ser kva dei kan påverke og korleis dei kan gjere det.

Innvolvere folkevalde

Innbyggardialog er ein måte å styrke lokaldemokratiet på. Derfor skal dialogen dreie seg om saker og prosessar som er kopla til dei politiske avgjerdsorgana. Dei folkevalde skal også involverast direkte i dialogtiltak.

DØME: Under festivalen Smak av Ulstein står folkevalde på felles stand for å ha innbyggardialog ansikt til ansikt. Dei folkevalde representerer då kommunen.

Gi tilbakemelding og vise at det nyttar

For å motivere innbyggjarane til dialog, må dei få sjå at det dei bidrar med, vert teke på alvor. Når innbyggjarane har teke del i dialog, skal dei få tilbakemelding om kva utfallet vart. Og når eit innbyggarinitiativ har fått gjennomslag, skal det løftast fram til inspirasjon for andre.

Ta felles, koordinert ansvar

Måla og prinsippa for innbyggardialog skal følgast opp overalt der ein legg til rette for avgjerdsprosessar – det vil seie både i etatane og sentraladministrasjonen. Dialogarbeidet er samstundes forankra i og koordinert av avdelinga for demokrati og kommunikasjon.